

Eg rir på ryggjen
Av den indre skuggjen
Mørk faks flagrar
I tankeheimens torevær

Skarpe hovar
Skarar djupe spor
I den indre sletta
Du er inkjevetta!

Eg rir mitt mørke
Det jagar fram
Eg rir i mørket
Alt ljós forsvann

Eg høyrer stega
Blind for alle vegar
Kjenner eim av fråde
Kjenner reidsla råde

Eg veit ramnen rop i tåka
Den fylgjer etter, vorde-kråka
Råder veg når jór jagar
Eg høyrer kun vingeslaga

Det er ormetunger
Som talar i øyre
Mæl dei ordi
Skuggjen vil høyre

Eg treng eit ljós!
Skirt er mitt von
Hulda, min sti
Kverva, mitt sjon

Me rei og rende
Brande blakken sprengde
Me fann ein flod
Ved dalens blod

Men fole berre framåt bana
Fram! Like råkt som grana
Ein kan leda hest til vatn...
Det er no eg stig av denne natten!

Eg ser eit ljós!
Ein ørliten eld
Er alt eg treng
Ravnen kallar klårt

Men lat ikke døra stå på gløtt
Skuggjen i mørket lurar støtt